

REFERAT FRÅ MØTE I FAU VED MARVIK SKULE

Til stades: 1.kl: Annette Hebnes
 2.kl: Brit Sjøiland
 3.kl: **forfall**
 4.kl: Siv Sissel Sildelid
 5.kl: Nina Østebø
 6.kl: Stig Arild Holmen
 7.kl: Hallvard Finnvik

Rektor – Anne Cremer

Tid: Tysdag 06.09.16

Kl.: 1700 - 1900

Sak 01/16-17: Vedtekter og referat frå førre møte

- Referat vart godkjent.
- §2-4 og §4-2 i vedtektene er ikkje i samsvar med praksis. Vedtektene vert revidert og handsama som eiga sak i neste møte. Ansvar: leiar.

Sak 02/16-17: Orientering frå rektor

- Læringsmiljø/skulestart: Oppstart av trivselsprogram. Thomas Kopperstad er leiar for prosjektet. Alle lærarane er no på plass.
- Skulens årshjul 2016-2017: Det vart delt ut eige skriv, som også er å finne i heftet Marvik skule 2016 – 2017. Karneval for 1.-6.klasse vert 10.mars når 7.klasse er på leirskule. Det er lærarane sin tur å arrangere karnevalet denne gongen.
- Aksjonskveld torsdag 06.10 kl.1800 til inntekt for Røde kors. Fau baker kvar si kake(langpanne). Kvar familie vert oppmoda om å ta med gevinst til utlodninga. Hallvard har ansvar for trekninga. Siv Sissel skaffer årer og Annette kjøper kaffi, saft osv.
- Det blir storforeldremøte på Erfjord skule, torsdag 29.09.2016. Tema: Nettvett og digital mobbing.
- Det blir ein ekstra fridag 2 januar 2017 (avspasering for elevane).
- Rektor og lærarar er samde i å avvikle TINE-stafetten. Det vert istaden ein felles aktivitetsdag siste skuledag, og eiga markering for 7.klasse. Hallvard er klassekontakt for 7.klasse, og har ansvar for at spesielt desse foreldra vert høyrde om den nye ordninga og korleis dei ønskjer å involvere seg i markeringa.
- Det vert oppstart av Ipad prosjekt i veke 43. Fau er positive til prosjektet, og leiar nemnde spesielt at skular som har teke i bruk Ipad i undervisninga har fleire positive erfaringar, (NRK-innslag i august).

Sak 03/16-17: Ymse

- Neste Fau-møte i november, leiar kjem tilbake til dato, men ein er samde i å møtas på tysdagar kl.18.
- Budsjettinnspel til kommunen – fau vedtar å sende inn følgjande innspel til budsjettet for 2017, sjå vedlegg.

Brit Søyland

Referent
